

**Fra:** Erik Strøm (Erik.Strom@hfk.no)

**Sendt:** 27.03.2015 13:14:02

**Til:** Opplæringsavdelinga - Postmottak

**Kopi:** Nils Skavhellen; Anne Jordalen; Christine Taule; Jon Harald Heldal; Line Therese Gaska; Randi Raknes; Torstein Telle; Bjørn Kristian Lie; Siv Elin Korten; Bjørn Thomassen

**Emne:** Kommenterar til prognoseinntaket

**Vedlegg:**

Kommenterar til merknader frå Inntakskontoret:

- Vg1 Bygg- og anleggsteknikk – vi held fram med to klassar på vg1
- Vg1 Restaurant og matfag – vi held fram med tilbodet
- Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram med Formgjevingsfag – vi ser at det er for lite grunnlag til å ha ein klasse vg1 1 komande skuleår. Vi vil likevel understreke at **vi ikkje vil leggje ned tilbodet på permanent basis og satsar såleis på starte opp ny vg 1 STFO hausten 2016**. Vi vil og i denne samanhengen nemne at det i skulebruksplanen låg at Sotra vgs. iht. vestregionen var skulen som skulle ha tilbod om STFo (nedlegging av tilbodet på Olsvikåsen vgs.). Vi vil elles halde fram med tilbod til elevar på vg2 og 3 STFo.
- Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram med teknologiline. – vi vil halde fram med tre klassar og **integre elevar som er interesserte i realfag i klasse med teknologielevar**.
- Søkjargrunnlaget til Vg1 Teknikk og industriell produksjon har blitt kraftig redusert (frå 76 til43) – vi held fram med tre ordinære klassar på vg1.
- Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget – vi held fram med to klassar
- Vg2 Sal, service og tryggleik – vi held fram med klassen
- Vg2 Studiespesialiserande utdanningsprogram med teknologifag og Vg2 og Vg3 Studiespesialiserande - vi held fram med strukturen og sikre tilbodet for teknologilina både på vg2 og 3 ved å integrere realfagselevar med elevar frå teknologiklassane.
- Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs – vi reduserer tilbodet med ein klasse, men vil erstatte dette med vg4-tilbod (studiespesialisering for elevar med fagbrev) som forsøksordning ved behov til hausten og som permanent ordning frå hausten 2016. Vi er i ein region der mange elevar tar fagbrev og fleire ønskjer å komplettere utdanninga med studiekompetanse. Skulen får jamleg førespurnader frå bedrifter og ungdommar som ønskjer eit slikt tilbod. Vi meiner difor dette er ein naturleg del av vår tilbodsstruktur.

Til klassestorleik.

Vi held frå med 15 elevplassar i ordinære yrkesfaglege klassar p åvg1 og vg2 og 30 elevplassar i ST-løp med unnatak av 20 i ST formgjeving. Vg3 EL automasjon vil grunna arealtilhøve halde fram med 13 elevar.

Med venleg helsing

Erik Strøm

Konstituert rektor

Sotra vidaregåande skule